



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200704683
Arkivnr. 640
Sakshandsamar Skaar, Ronny

Saksgang
Kultur- og ressursutvalet

Møtedato
25.09.07

Saknr.
96/07

KNUTEPUNKTOPPDRAK - NOTAT TIL FRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 25.09.07

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er samd i at ei innstramming av kriteria for knutepunktoppdrag vil kunna medverka til ei revitalisering, slik at knutepunktinstitusjonane i større grad vil kunna få den rolla nasjonalt og regionalt som dei var tiltenkte.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at institusjonane og må målast på korleis dei inngår i nettverk og deler kompetanse, ikkje berre med andre knutepunktinstitusjonar, men og med andre kulturaktørar og styresmaktar.
3. Det er avgjerande at vurderingsprosessen skjer i forpliktande dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmaktar. Ein knutepunktinstitusjon er ei samsatsing mellom alle forvaltningsnivåa. Det er ikkje statlege styresmaktar åleine som skal dela ut knutepunktoppdrag eller fatta einsidig avgjerd om kva institusjonar som skal ha slik status.
4. Hordaland fylkeskommune ber departementet om å arbeida vidare med og utdjupa korleis evalueringsprosessen skal leggst opp slik at samarbeidet vert gjensidig forpliktande og sikrar innverknad frå alle partar.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 27. september 2007

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildred Berntsen



Arkivsak 200704683-2
Arkivnr. 640
Saksh. Skaar, Ronny

Saksgang

Kultur- og ressursutvalet

Møtedato

25.09.2007

KNUTEPUNKTOPPDRAK - NOTAT TIL FRÅSEGN

SAMANDRAG

I Stmeld. nr. 61 (1991-92) "Kultur i tiden" vart det foreslått ny funksjonsdeling innanfor kultursektoren med nasjonale institusjonar, regional-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar. Endeleg struktur ble lagt gjennom fleire stortingsdokument.

Departementet vil i 2007 foreta en gjennomgang av korleis knutepunktoppdraga gjennomførast og vurderast.

Departementet har føretatt ei slik vurdering og vil leggja fram for Stortinget forslag til presisering av kriteria for institusjonar med knutepunktoppdrag og korleis resultata av deira verksemd skal verta dokumentert og vurdert. Staten legg ikkje opp til å vurdere finansieringsordninga.


Departementet ønskjer å involvera dei aktuelle knutepunktinstitusjonane og offentlege tilskotsparatar før dei presiserte kriteria vert lagt fram for Stortinget. Departementet ber derfor om konkret tilbakemelding på de ulike elementa høyringsnotatet

FORSLAG TIL VEDTAK


1. Hordaland fylkeskommune er samd i at ei innstramming av kriteria for knutepunktoppdrag vil kunna medverka til ei revitalisering, slik at knutepunktinstitusjonane i større grad vil kunna få den rolla nasjonalt og regionalt som dei var tiltenkte.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at institusjonane og må målast på korleis dei inngår i nettverk og deler kompetanse, ikkje berre med andre knutepunktinstitusjonar, men og med andre kulturaktørar og styresmaktar.
3. Det er avgjerande at vurderingsprosessen skjer i forpliktande dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmaktar. Ein knutepunktinstitusjon er ei samsatsing mellom alle forvaltningsnivåa. Det er ikkje statlege styresmaktar åleine som skal dela ut knutepunktoppdrag eller fatta einsidig

avgjerd om kva institusjonar som skal ha slik status.

4. Hordaland fylkeskommune ber departementet om å arbeida vidare med og utdjupa korleis evalueringsprosessen skal leggst opp slik at samarbeidet vert gjensidig forpliktande og sikrar innverknad frå alle partar.



Paul M. Nilsen



Ingebjørg E. Astrup

BAKGRUNN

I Stmeld. nr. 61 (1991-92) "Kultur i tiden" vart det foreslått ny funksjonsdeling innanfor kultursektoren med nasjonale institusjonar, regional-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar. Endelig struktur ble lagt gjennom fleire stortingsdokument, jf. Innst. S. nr. 115 (1992-1993), St.prp. nr. 1 (1994-1995), Innst S. nr. 1 (1994-1995).

Knutepunktinstitusjonane var tiltenkt ansvar ut over eiga verksemd ved at utvikling av idear, tilbod og kompetanse skulle kunne komma heile regionen til gode. Institusjonane skulle knytast til eit nettverk både av andre institusjonar og statlege/regionale styresmakhtar. For å ivareta slike fellesfunksjonar og eigen kvalitet, skulle dei sikrast stabile økonomiske rammer. I praksis har imidlertid knutepunktstatus innanfor kulturområdet fungert som ein finansieringsordning for store, veletablerte festivalar og festspel, muse samt enkelte regionale institusjonar innan biletkunst og film.

Knutepunktfinansiering føreset avtale om finansiering mellom staten på den eine sida og regionale og lokale styresmakhtar på den andre side i tilhøvet 60 pst. på staten og 40 pst. på region/lokale styresmakhtar i Sør-Noreg og i tilhøvet 70/30 pst. i dei tre nordligaste fylka.

Som ein av føresetnadene for statstilskotet set staten krav om årleg rapportering om fastsette mål- og resultatkrav som omfattar aktivitet, kunstnarisk utvikling og drift. På bakgrunn av Stmeld. nr. 22 (2006-2007) "Kjelder til kunnskap og oppleving" om arkiv, bibliotek og museum (ABM-meldinga), og Stortinget si handsaming av denne, skal framtidig finansieringsordning for muse med knutepunktstatus vurderast i samband med den pågåande konsolideringsprosessen innanfor museumssektoren. Innanfor filmområdet vert det i St.meld. nr. 22 (2006-2007) "Veiviseren. For det norske filmloftet" lagt til grunn at staten ikkje lenger skal gi tilskot til drift av regionale filmsentra.

I Stprp. nr. 1 (2006-2007) heiter det at "Departementet vil understreke at virksamheter som har status som knutepunktinstitusjoner, skal kunne påta seg et nasjonalt kulturansvar innenfor sin sjanger og samtidig ha en klar regional og lokal forankring. Å være knutepunkt er slik sett like mye et oppdrag som et spørsmål om finansiering.

Departementet vil i 2007 foreta en gjennomgang av hvordan knutepunktoppdragene gjennomføres og vurderes."

Departementet har føretatt ei slik vurdering og vil leggja fram for Stortinget forslag til presisering av kriteria for institusjonar med knutepunktoppdrag og korleis resultata av deira verksemd skal verta dokumentert og vurdert. Staten legg ikkje opp til å vurdere finansieringsordninga.

Departementet ønskjer å involvera dei aktuelle knutepunktinstitusjonane og offentlege tilskotsparter for dei presiserte kriteria vert lagt fram for Stortinget. Departementet ber derfor om konkret tilbakemelding på de ulike elementa høyringsnotatet

FRAMLEGG TIL PRESISERING AV KRITERIUM FOR KNUTEPUNKTOPPDAG

Departementet gjer slikt framlegg til kriterium:

Verksemder som har status som knutepunktinstitusjonar skal ha ein klar regional og lokal forankring og samtidig kunna ta på seg eit nasjonalt kulturansvar innanfor sin sjanger.

Mål- og resultatkraterium

Knutepunktinstitusjonane vil verta vurderte i samsvar med dei generelle måla for kulturområdet om:

Kunstnarisk aktivitet og publikumsutvikling
Utvikling av kunstnarisk kvalitet og eigenart
Ressursutnytting.

I tillegg vil det for knutepunktinstitusjonar settast krav om å vera:

kunstnarisk leiande innanfor sin sjanger
kompetansesenter for regionalt kulturliv samt små/mindre etablerte festivalar innan eigen sjanger og å ha:
regional og lokal tilknytning gjennom finansiering og annen medverknad
internasjonalt retta verksemd og synleggjering ut frå festivalen si eigenart
publikumsretta tiltak gjennom året, eventuelt i samarbeid med andre aktørar

Oppdraget skal vera langsiktig, men basert på evaluering kvart femte år. God geografisk spreiding av knutepunktoppdraga vert tillagt noko vekt.

Vurdering av gjennomføringa av knutepunktoppdrag

Eksisterande knutepunktinstitusjonar skal få rimeleg tid til å omstilla seg. Første evaluering bør derfor først gjennomføres eit par år etter at reviderte krav er fastsett. Den konkrete vurderinga av knutepunktoppdrag tenkast gjennomført i tre ledd:

Eit første ledd der vurderingskriteria er gjeldande mål- og resultatkriterium for knutepunktverksemdene og oppnådde resultat – til dømes dei siste tre åra med omsyn til måla 1. Kunstnarisk aktivitet og publikumsutvikling og 3. Ressursutnytting

Som eit neste ledd i ein slik kartlegging kan det leggst inn ei vurdering av om/korleis den enkelte institusjon tek i vare nokre av dei funksjonane som ligg i knutepunktoppdraget i form av kompetansesenter, internasjonal profil, heilårig drift mv.

Et tredje ledd kan vera ein analyse av oppnådde resultat med omsyn til mål 3) Kunstnarisk kvalitet og eigenart, mellom anna programmets bredde og kvalitet, evne til nyskapning, profil og særpreg. I tillegg kan det vera av interesse å få ein vurdering av institusjonane sitt omdømme i media. Dette kan målast ved ein gjennomgang og analyse av program (dei siste tre åra) og på bakgrunn av kritikk og annan omtale i media. Del 1 og 2 gjennomføres på bakgrunn av institusjonane sin årlege rapportering med tillegg av utfyllande opplysningar frå institusjonane. Kunstfagleg kompetanse er naudsynt for delar av vurderinga.

Prosess

Departementet legg opp til at gjennomgangen skal foretas ope overfor dei institusjonane som omfattast av opplegget. Den enkelte institusjon må medverka med opplysningar til gjennomgangen og må bli invitert til ein dialog saman med dei regionale tilskotsgjevarane om resultata og departementet sitt forslag til oppfølging.

Departementet vil ved starten av ein gjennomgang gi klare signal om eventuelle konsekvensar av gjennomgangen med omsyn til budsjettmessig status og finansieringsordning. Departementet peikar på at det likevel vil vera urimeleg på kort sikt å endra status og finansiering for festivalar/festspel som har god måloppnåing med omsyn til dei etablerte mål- og resultatkrava, men likevel ikkje oppfyller dei nye krava i knutepunktomgrepet ved første evaluering. Derfor bør første evaluering gjennomførast eit par år etter at dei nye krava er vedtekne.

Institusjonar som har mangelfull måloppnåing og/eller ikkje har utvikla knutepunktfunksjonar bør få høve til omstilling innanfor ein tilmålt tid på 2 år. Mangelfull omstilling bør medføra en føreseieleg

nedtrapping av det statlege tilskotet, f. eks. over to år. Festivalen vil etter dette kunne søke festivalstøtte.

Vurdering

Fylkesrådmannen er positiv til at Departementet no tek initiativ til ei avklåring når det gjeld knutepunktomgrepet. Det har i dei siste åra vore mykje uvisse om status for denne ordninga. Mellom anna har det vore uvisse knytt til om ordninga ville bli vidareført og om kva krav som skulle stillast til dei aktuelle institusjonane. Det har og vore vanskeleg for nye institusjonar å bli vurderte som knutepunktinstitusjonar, og dei opphavlege intensjonane og forventningane som var knytt til knutepunktinstitusjonane har vorte uklære.

Ei innstramming av kriteria for ordninga vil kunna medverka til ei revitalisering, slik at knutepunktinstitusjonane i større grad vil kunna få den rolla nasjonalt og regionalt som dei var tiltenkte.

Fylkesrådmannen har i hovudsak inga innvending mot dei mål- og resultatkriterium departementet har skissert i notatet. Det er riktig å leggja vekt på at institusjonen er kunstnarisk leiande, har god regional og lokal tilknytning, er ein del av det internasjonale kulturlivet og er aktivt publikumsretta.

Her vil eg likevel ønskja at departementet også hadde teke med kriterium som kunna utdjupa den rolla knutepunktinstitusjonen skal ha, ikkje berre andsynes publikum, men og andsynes det lokale, regionale og nasjonale kulturlivet. Knutepunktinstitusjonane var tiltenkt ansvar ut over eiga verksemd ved at utvikling av idear, tilbod og kompetanse skulle kunne komma heile regionen til gode. Knutepunktoppdraget inneber såleis at institusjonane skal medverka til at særleg kompetanse tilflyt kulturlivet, slik at desse institusjonane kan vera lokomotiv i den generelle kulturutviklinga. Det bør derfor koma med eit punkt der institusjonane må målast på korleis dei inngår i nettverk og deler kompetanse, ikkje berre med andre knutepunktinstitusjonar, men og med andre kulturaktørar og styresmaktar.

Når det gjeld vurderingsprosessen er det avgjerande at denne skjer i dialog mellom statlege, regionale og lokale styresmaktar. Ein knutepunktinstitusjon er ei samsatsing mellom alle forvaltningsnivåa, og departementet kan derfor ikkje leggja opp til at det er statlege styresmaktar åleine som skal dela ut knutepunktoppdrag, eller fatta einsidig avgjerd om kva institusjonar som skal ha slik status.

Fylkesrådmannen er kritisk til vektlegging av medieomtale i vurderinga. Slik omtale er ikkje nødvendigvis ein relevant indikator for måling. Det er viktig at vurderinga kan trekka sjølvstendige konklusjonar på basis av dei skisserte kriteria.

Fylkesrådmannen meiner at det må leggjast opp til forpliktande dialog mellom dei tilskotsparter som saman skal drifta ein knutepunktinstitusjon. Eg ber derfor departementet om å arbeida vidare med og utdjupa korleis denne prosessen skal leggjast opp slik at samarbeidet vert gjensidig forpliktande og sikrar innverknad frå alle partar.